



---

# Notat

---

Til: Arne Helgesen, Bente Kopperdal Hervik, Berit Eskeland, Eirik Bouwer Utne, Fagutvikling helse- og omsorg, Forvaltningskontoret, Grethe Elin Mjelde, Helse og omsorg, Katarina Birkeland, Kjartan Nyhammer, Kristin Moe, Marianne Aadland Sandvik, Ole Johan Ingebrigtsen, Per Asle Kønne, Rolf Raknes, Tommy Veland

Kopi til:

Saksbehandler: Plan og analyse/Hans Kristian Dolmen

Vår referanse: 20/5000 - 5 / Plannavn-Kommunedelplan Helse, sosial og omsorg, Komnr-4631, FA-L1

Dato: 11.09.2020

---

## **Emne: Kommunedelplan Helse, sosial og omsorg - Kunngjering høyring og offentlig ettersyn av framlegg til planprogram - Interne instansar**

Utval for Helse og omsorg i Alver kommune gjorde i møte 1.9.2020, sak 026/20, vedtak om oppstart av arbeid med kommunedelplan helse, sosial og omsorg. Utvalet vedtak samstundes å leggje ut framlegg til planprogram for kommunedelplanen på høyring og offentlig ettersyn, jamfør plan- og bygningslova §§ 11-12 og 11-13.

### **Kommuneplan og kommunedelplan**

Kommuneplanen er todelt og består av ein samfunnsdel og ein arealdel. Kort fortalt seier samfunnsdelen kva mål og strategiar vi skal arbeide etter når vi utviklar kommunen vår, medan arealdelen visar kva aktivitet vi skal ha kor i kommunen.

Vidare kan kommunen i naudsynt grad utarbeide kommunedelplanar for samfunnstema, område eller del av verksemda. Kommunedelplan for helse, sosial og omsorg er prioritert i planstrategi for Alver 2020-2024, og planen vil utdjupe føringar frå samfunnsdelen samstundes som den synleggjer rammer, behov og utviklingstrekk for fagområdet og denne sentrale delen av kommunen si verksemd. Den vil vere ein del av styringsverktøya til kommunen i planperioden 2021-2033.

### **Kva er eit planprogram?**

For alle planarbeid som har vesentleg verknad for miljø og samfunn skal det utarbeidast planprogram. Planprogrammet er ei oversikt over gjennomføringa av planarbeidet. Programmet visar korleis kommunen ønskjer å arbeide med kommunedelplanen, kva tema ein ønskjer å fokusere på, korleis ein vil søkje å involvere innbyggjarar til medverknad og få råd og innspel til ønska samfunnsutvikling. Grunnlaget for planprogrammet delar og kunnskap om dei mest sentrale utviklingstrekk til kommunen.

### **Medverknad**

Alver kommune ønskjer å vere i utvikling i bruk av verktøy og metode for involvering og medverknad. For kommuneplanens samfunnsdel og kommunedelplanane oppvekst og helse, sosial og omsorg gjennomfører vi eit felles medverknadsopplegg. Dette er skildra i planprogrammet.

Grunna restriksjonar i samband med koronaviruspandemien vert rammene for kvar og korleis vi kan leggje til rette for involvering stadig utfordra og det gjer at vi mellom anna og må leggje større vekt på digitale løysingar.

Målet med medverknad og involvering i desse prosessane er mellom anna å byggje ein ny, felles identitet for innbyggjarane i Alver kommune.

**Slik kjem du med innspel til planprogrammet:**

Planprogrammet til kommunedelplan helse, sosial og omsorg ligg ute til høyring og offentleg ettersyn i perioden 12.9.2020 til 24.10.2020.

Me ber om innspel knytta til tema og område som kan vere aktuell for dykkar avdeling. Samstundes er det planlagt at det vil verte gjennomført meir felles arbeid internt i organisasjonen.

Har du spørsmål ta kontakt med sakshandsamar [hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no](mailto:hans.kristian.dolmen@alver.kommune.no) , tlf 91590429 så skal prøve å svare ut, samle i hop og formidle vidare .